



Miljødirektoratet  
Postboks 5672 Sluppen  
7485 TRONDHEIM

Vår ref.: 2017/1-4

Dykkar ref.: 2016/11005

Dato: 02.02.2017

## **Søknad om fornya godkjenning av dei genmodifiserte sprøytemiddelresistente rapssortane MS8, RF3 og MS8 x RF3 til import, prosessering, mat og fôr**

Bioteknologirådet har motteke brevet frå Miljødirektoratet datert 23.11.2016, som gjeld søknad EFSA-GMO-RX-004 om fornya godkjenning av rapssortane MS8, RF3 og MS8 x RF3 under mat- og fôrforordninga i EU. Miljødirektoratet har bedt Bioteknologirådet om ei vurdering av søknaden og om spørsmål som gjeld berekraft, samfunnsnytte og etikk som eventuelt kan stillast til søkjaren.

I rapssortane er det sett inn eit gen frå ein jordbakterie som gjer dei resistente mot sprøytemiddel med glufosinat-ammonium, som er forbode i Noreg på grunn av fare for helse- og miljøskade. Det er sett inn eit gen for hannsterilitet i MS8 og eit gen som motverkar hannsteriliteten i RF3, medan hybridene MS8 x RF3 har begge desse gena.

Etter genteknologiloven skal ein GMO ikkje skade helse og miljø for å bli godkjent i Noreg. Det skal òg leggast vesentleg vekt på om GMO-en er samfunnsnyttig, etisk forsvarleg og bidreg til berekraftig utvikling. Fordi berekraft skal vurderast langsiktig og globalt, er tilhøva i produksjonslanda òg relevante.

I samband med behandlingar av den gamle søknaden i Noreg har eit fleirtal i Bioteknologirådet to gonger rådd til å forby desse rapssortane, i 2013 med 19 mot 2 stemmer og i 2008 med 14 mot 3 stemmer. Miljødirektoratet rådde i 2014 òg til at Noreg skulle forby dei. Ein av grunnane til å forby rapsen, er at rapsfrø spreier seg lett, og at raps kryssar seg lett med annan raps og ville slektningar av raps og derfor kan utgjere ein miljørisiko i Noreg. Dette var saman med vurderingar av berekraft, samfunnsnytte og etikk grunnlaget for at Noreg i 2012 la ned forbod mot import av ein annan sprøytemiddelresistent, genmodifisert raps, den glyfosatresistente sorten GT73.

Når det galdt rapssortane MS8, RF3 og MS8 x RF3, heldt Bioteknologirådet fram at det i tillegg til at rapsen kan utgjere ein miljørisiko, ikkje er berekraftig og etisk rett å bidra til at det blir dyrka GMO-ar med det helse- og miljøfarlege sprøytemiddelet glufosinat-ammonium. Samstundes har ikkje desse rapssortane nokon særskild samfunnsnytte i Noreg.

Bioteknologirådet meiner at desse argumenta framleis gjeld, og at å stille fleire spørsmål til søkjaren no, ikkje vil gi avgjerande ny informasjon.

Bioteknologirådet rår til at Noreg forbyr rapssortane MS8, RF3 og MS8 x RF3 til import, prosessering, mat og fôr.

Med helsing

  
Kristin Halvorsen

leiar

  
Ole Johan Borge  
direktør

Saksbehandlar: Audrun Utskarpen

Kopi: Klima- og miljødepartementet